

Allergiar ved skule og SFO

Vi forbetrar våre rutinar i forhold til allergiar ved Kleppe skule.

Det er ein del elevar ved skulen som har ulike allergiar. For at vi skal kunne følgje opp elevar med allergi på best mogleg måte er det viktig at vi har mest mogleg informasjon om kva for nokre matvarer eleven er allergisk mot, kva for nokre reaksjonar vi kan forvente ved eksponering, og kva vi skal gjere ved eventuelle reaksjonar.

Det er viktig at alle allergiar og intoleransar som skule og SFO skal ta omsyn til, dokumenterast med ein erklæring frå lege. Vedlagt skjema “min matallergi” (henta frå Regionalt renter for astma, allergi og overfølsomhet) **skal fyllast ut så nøyaktig som mogleg, helst saman med lege.** Skjemaet skal deretter leverast til skule eller SFO så raskt som mogleg. **Også periodevise utprøvingar skal dokumenterast med erklæring frå lege.** Viss de ikkje har bilete heime som kan brukast kan vi fikse det på skule/SFO. **Hugs å alltid gi oss skriftleg beskjed om endringar i allergiar/intoleransar, nye allergiar, endringar i reaksjonar eller medisinar** då det må skrivast inn på skjemaet som er levert til skulen. Skjemaet sendes heim igjen kvar sommar slik at føresette kan sjekke at alt er riktig, og levere tilbake oppdatert versjon. Er det ingen endringar kan skjemaet leverast tilbake som det er.

Skjemaet vil leggast i sikker sak, samt kopierast og oppbevarast i kantina OG i elevens klasserom og/eller base på SFO for å sikre at informasjonen er lett tilgjengeleg for dei som treng han.

Helsing oss ved Kleppe skule